

Atle Kleiven  
Mykingvegen 1272  
5957 Myking

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/2411 - 23/37711

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)

Dato:  
24.05.2023

## Løyve til bygging av landbruksveg på gbnr. 38/7 Veg til Florane veg 1 og 2.

Administrativt vedtak: Saknr: 521/23

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Atle Kleiven løyve til å byggje landbruksveg som søkt om på gnr. 38, bnr. 7 i Alver kommune.

### Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Så langt det let seg gjere skal ein unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.
- Tiltakshavar lyt syte for dokumentasjon på at eventuelle massar som vert køyrt til utanfrå, ikkje er ureina.
- Veganlegget må byggjast i samsvar med krav sett i «normalar for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 2 – heilårs landbruksbilveg. Avvik kan førekomme i høve stigning.
- Vedtaket er gyldig til 01.05.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.05.2027.
- Vegen må byggjast slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Før arbeidet vert starta opp må andre løyve etter anna regelverk vere på plass t.d. avkjørsleløyve/endringsløyve til offentleg veg. Tiltakshavar lyt i tillegg syte for og er ansvarleg for at privatrettslege tilhøve er avklara før oppstart av anlegget.
- Området skal ryddast til etter at arbeidet er ferdig.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan fristen for løyvet, fell løyvet bort, jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

## Saka gjeld

Dette er eigentleg to vegar knytt til om lag same området. Arbeidet med veganlegg er kome godt i gang.

Atle Kleiven søker om å få bygge landbruksvegar i vegklasse 2 – heilårsbilveg på gnr. 38, bnr. 7 slik som fig. 1 - 2 nedanfor syner. Vegane vert om lag 540 m og løyser ut 80 daa hogstmoden skog med til saman 1250m<sup>3</sup>. Vegane er kostnadsrekna til kr 650.000,-.




Fig. 1. Trasé for veg 1.



Fig. 2. Trasé for veg 2 er merka «3».

Det skal øg takast ut masse til veganlegget. Dette utgjer tilsaman 3000m<sup>3</sup> fordelt på to stader slik fig. 3 nedanfor syner.




Fig. 3. Område for masseuttak merka oransje for veg 1 (på gnr. 38, bnr. 1) og raudt for veg 2 og delvis veg 1. Blå markering er dekningsområde for veg 1.



Fig. 4. Området der veg 1 startar.



Fig. 5. Veg 1 vidare oppover frå området synt i fig. 4.



Fig. 6. Veg 1 vert plassert på ei «hylle» i terrenget.



Fig. 6. Lengst nord skal veg 1 svinge vestover og deretter eit kort stykke nordover att.



Fig. 7. Veg 2 vert lagt langs med ei myr. Biletet er teke i sørleg retning.

## **VURDERING:**

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av framføringa av vegen.

Vegen gjev tilkomst til framtidig uttak av skog på grn. 38, bnr. 7. Vegen er i tråd med føremålet i landbruksvegforskrifta.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.

Etter sok i Naturbasen via gardskartet og Artsdatabanken er det ikkje funne registreringar som vert påverka av vegbygging.

Søknaden har vore sendt på høyring til regionalt kulturminnemynde og internt i kommunen for vurdering i høve i kulturminne- og friluftsinteresser. Søknaden er òg sendt til Statsforvaltaren.

Alver kommune, kultur har ikkje svara innan fristen.

Vestland fylkeskommune peikar på at det er uheldig at veganlegget er starta opp. Dette då dei ikkje har høve til å vurdere området i høve kulturminnelova fullt ut. Dei har ikkje kjennskap til automatiske freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som tiltaket kan kome i konflikt med. Dei har såleis ingen avgjerande merknader i saka, men held fram at ein under opparbeiding av vegen sokjer unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar og tuffer med meir.

Fylkeskommunen minner òg om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Om automatisk freda kulturminne som funn av gjenstandar, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast frå om til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet. Gransking vil verte utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått teke i mot slik melding.

Statsforvaltaren har ikkje gjeve attendemelding innan fristen.

Kommunen står fylkeskommunen i at det er uheldig at anlegget er starta opp og på nær gjennomført, før søknad vert sendt kommunen.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Det er sokt om bygging av veg i vegklasse 2. Dette er ein «tung» veg. Søkjar har òg munnleg gjeve melding om at han ynskjer å asfaltere vegen. Grunngjevinga for dette er at han vil spare kostnad til framtidig vedlikehald.

Alver kommune ser både fordelar og ulemper med dette. Normalt har ein vore mest oppteken av at vegen ikkje har for låg standard i høve ein fornuftig tiltaksklasse. Fordelane er, som søkjar peikar på, at det i dei fleste tilfelle vil ein redusere kostnad til vedlikehald. Ulempene er at veganlegget vert monaleg dyrare og at ein får asfaltert veg inn i skogen. Asfalt er av mange oppfatta som eit framandelement i samband med skogsvegbygginga.

Med dette som bakteppe, har vi på generelt grunnlag rådført oss med Statsforvaltaren i Vestland. Dei hadde heller ikkje ei klår oppfatning av dette, men var noko nyansert avhengig av kven ein drøfta saka med.

Haldninga til kommunen er at ein ikkje bør asfaltere slike veganlegg utan at det er særskild trøng for det t.d. bratt vegbane Vi legg til grunn at dette uansett ikkje vil verte vanleg i kommunen uansett grunna kostnadene.

Ut frå dette har kommunen kome fram til at det må vere greitt å byggje vegklassen i den standarden det her er søkt om og at søker kan, om han ynskjer det, asfaltere vegen.

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom, skal òg ha løyve frå den som eig grunnen. At kommunen har gjeve eit løyve til bygging, går ikkje framom manglende privat rett. Ein eventuell manglende privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Det same gjeld avkjørsleløyve/endringsløyve til offentleg veg, noko som må vere avklart før bygging tek til.

Vi minner om innhaldet i § 2-3 i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar står det at «*søkeren skal på forhånd ha underrettet de som blir berørt av veitiltaket og gi opplysninger i søknaden om at dette er gjort*». Vi legg til grunn at dette vert gjort.

Kommunen har med dette løyvet altså ikkje teke stilling til privatrettslege tilhøve i vår vurdering/vårt vedtak.

## **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Offentleglova

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/2411»

Med venleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Atle Kleiven

Mykingvegen 1272      5957      Myking